



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinkalling

Utvalg: **Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen**

Møtested: Teams

Dato: 11.12.2023

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 3/2023	Referatsaker		
ST 4/2023	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2024 - plassering og tilsyn av jervbås - Marius H. Kornkveen		2023/11565

ST 3/2023 Referatsaker



Arkivsaksnummer: 2023/11565-8

Saksbehandlar: Kristine Sørlie

Dato: 06.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen	4/2023	11.12.2023

Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2024 - plassering og tilsyn av jervbås - Marius H. Kornkveen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Marius Kornkveen dispensasjon til å plassere ein jervbås ved Rusten seter innafor Lordalen landskapsvernområde, og motorferdsel for utkøyring og tilsyn av båsen ved Rusten seter.

Dispensasjon til utkøyring og plassering er gjeve med følgjande vilkår:

- Jervebåsen kan plasserast 50 meter nordaust for seterkvea, som vist på kart i saksutgreiinga.
- Dispensasjon til plassering er gjeve for lisensjaktperiodane 2023-2024, med moglegheit for forlenging.
- Båsen skal fjernast frå verneområdet når den ikkje lenger skal nyttast under lisensjakt.
- Båsen skal køyrast ut med traktor på frosen mark.
- Dersom det blir synleg terregskade etter utkøyring skal skaden rettast opp av tiltakshaver.
- Transporten skal varslast SNO seinast dagen før.

Dispensasjon til motorferdsel på vinterføre med snøscooter blir gjeve med følgjande vilkår:

- Transporten skal gjennomførast i samband med lisensfellingspeida 2023/2024, og gjeld for inntil 5 turar med ein snøscooter, frå og med 10.desember 2023 til og med 15.februar 2024.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Transporten skal gjennomførast av tiltakshavar. Det er ikkje krav om bruk av kommunal leigekøyrar for tiltaket.
- Køyretrasé: Lordalsvegen til Rusten seter. Retur same veg.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Seinast dagen før skal SNO v/ Per Olav Haugen varslast på mobilnr.: 970 57 213.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni på vedlagde køyrerekke.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Oversending av søknad om motorferdsel for tilsyn av jervbås, v/Lesja kommune 23.10.23
- Dokumentasjonsrapport jervbås ved Rusten seter, SNO 02.11.23
- Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på verneforskrift i Lordalen lvo, brev fra Nasjonalparkstyret 13.11.23
- Melding om vedtak Lesja fjellstyre 16.11.23 – aksept for motorferdsel i samband med tilsyn/kontroll av jervbåder
- Oversendelse av søknad fra Marius Kornveen v/Lesja kommune om godkjenning av jervbås ved Rusten seter i Lordalen lvo, Statsforvalteren i Innlandet 25.11.23
- Fråsegn og etterfølgjande søknad om plasseing og motorferdsel, fra Marius Kornveen, 29.11.23


Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltinga har gjennom SNO og Statsforvalteren i Innlandet fått kjennskap til at det er kjørt ut og plassert ein jervbås ved Rusten seter innafor Lordalen landskapsvernombordet i midten av oktober. SNO har dokumentert forholdet i ein tilsynsrapport etter tilsyn av båsen 17.10.2023. I rapporten fra SNO går det fram at båsen hadde ein del manglar, som måtte reparerast før godkjenning. Båsen ble også plassert innafor Lordalen lvo utan avklaring med vernereglane i landskapsvernombordet. I tillegg ble båsen kjørt ut i terrenget med traktor før det er gjeve dispensasjon til motorferdsel i utmark. Det gjennomførte tiltaket er eit brot på vernereglane i Lordalen landskapsvernombordet.



Foto: SNO, 02.11.23

Lesja kommune søkte 23.10.23 på vegne av søker om 5 turar med snøscooter for tilsyn ved fellevarsler/feilmeldinger og utkjøring av åte til jervbåser. Søknaden kom utan at plassering og motorferdsel på barmark var avklart med nasjonalparkstyret, eller båsen var godkjent for fangst.



Kart over køyretrase oversendt frå Lesja kommune

Statsforvalteren i Innlandet sendte e-post til tiltakshavar 02.11.23, der det ble vist til tilstandsrapporten frå SNO, som dokumentarar ein del tekniske manglar på båsen ved Rusten før den er klar for fangst.

Statsforvalteren i Innlandet har 25.11.23 oversendt søknad frå Lesja kommune datert 6. oktober, som søker på vegne av Marius Kornkeveen om å få fangste jerv med bås ved Rusten i Lordalen. Statsforvalteren peiker på at båsen ligg innanfor Lordalen Ivo, og at plassering må avklarast med vernemyndighet før Statsforvalteren kan godkjenne plassering av bås etter §34 i forskrift og jakt og fangst.

Nasjonalparkstyret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane, jf. vedtekter, pkt. 8.5, og sendte brev til tiltakshaver 13.11.23 for å følgje opp det ulovlege forholdet, og varsle om mogleg pålegg om retting, jf. naturmangfaldlova, da det båsen er plassert og kjørt ut på barmark utan nødvendige avklaringar etter verneforskrift for Lordalen Ivo. Tiltakshaver fekk ein frist til å gje fråsegn og evt søkje om plassering av båsen, dersom det er aktuelt å reparere båsen og få den godkjent av statsforvalteren.

Forvaltar tok direkte kontak med søker som sa at han ikkje var klar over at plassering av båsen var søknadspliktig, men at han ville sende søknad i etterkant.

Fråsegn og søknad, 29.11.23

«Som søker var jeg ikke klar over at jervbås ble regnet som en fast/midlertidig installasjon og at den trengte dispensasjon for å plasseres ut lovlig. Hva det gjelder motorferdsel antok jeg at flyttingen ville gå som landbruksformål. Båsen ble flyttet 1 km i luftlinje fra ei seterkve på Bjøknesetra, på veg og til nåværende plassering. Tanken var å spare antall traktorturer og flytte båsen samtidig som andre ærend i Lordalen. Da SNO tok kontakt i forbindelse med tilsyn på båsen tok jeg kontakt med kommunen. De mente det ikke var behov for noe ytterligere søknad om motorferdsel hos dem.

Jeg ønsker å få alt om båsen i orden, da det aldri var til hensikt å bryte noen forskrifter.

Motivasjonen for å drive lisensjakt med bås i Lordalen kommer av at Lordalen beitelag lider store tap av sau og lam til jerv i beitesesongen. Slik det har vært de siste årene har ikke båsene som har stått i Lordalen vært spent, og det har heller ikke blitt tatt ut noen jerv. Derfor ønsket jeg denne sesongen å bruke båsene som har stått i Lordalen uspent de siste årene. For at fangstingen skal skje etter reglene for båsfangst, så jeg det som nødvendig å

flytte begge båsene noe lenger ut av Lordalen for lett adkomst og tilsyn. Båsen på Rusten ble satt der den står da jeg har setra mi der og er der jevnlig. Båsen var også lettere å få ut i terrenget uten mye kjøring på den siden av vernegrensa.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har opprettet eit arbeidsutva (AU-Reinheimen) med personar frå styret, som har mynde til å fatte vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i einskilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane, slik som for denne saka. AU – Reinheimen sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene

Verneformål – forskrift - forvaltningsplan

Lordalen Ivo er jf. Verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, verna mot inngrep som t.d. *oppføring av anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar...* opplistinga er ikkje uttømmane. Plassering av jerbås er i utgangspunktet forbode etter vernereglane i Lordalen Ivo, og det må derfor gjevast dispensasjon for at plasseringa skal være lovleg.

Plassering av jerbås er ikkje spesifisert i verneforskriftene og må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.» Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekker forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltståande avvik frå vernereglane.

I Lordalen Ivo er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, § 3, pkt. 5.1. Lordalsvegen er open for motorisert ferdsel når den er open (jf. Verneforskrift § 3, pkt. 5.2, b). Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til nødvendig varetransport med snøscooter på faste køyretraseer til hytter og buer, utkjøring av salt i regi av beitelag mm, jf. § 3, pkt. 5.3, b), c). Motorferdsel i samband med jervjakt/lisensfelling er ikkje av dei spesifiserte unntaka nasjonalparkstyret kan gje løyve til etter verneforskrifta, så søknaden må derfor behandlast etter den generelle unntaksparagrafen, § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad

Presedens

I enkeltsaker som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering


Jerbåsen ved Rusten seter i Lordalen Ivo er kjørt ut og plassert, før det er søkt eller gjeve dispensasjon til tiltaket. Søkjer skriv at han ikkje var klar over at jerbås ble rekna som

fast/midlertidig installasjon og at det var nødvendig med dispensasjon. Han skriv også at han trodde flyttingen av båsen ut i terrenget ved bruk av traktor ville gå som landbruksformål.

Det er etter forvaltar sitt syn uheldig at kommunen ikkje gav tiltakshaver tilstrekkeleg informasjon om at ny plassering av jervbås treng ei vurdering av nasjoanlparkstyret dersom den skal plasserast innafor vernegrensa til Lordalen lvo. Men uansett er det tiltakshavar sitt ansvar å gjera seg kjent med regelverket i området, og bringe det ulovlege forholdet i orden.

Dersom tiltakshaver hadde søkt på førehand, hadda han truleg fått dispensasjon, noko som gjer at denne saka saka blir vurderast som om tiltaket ikkje er gjennomført, som etterfølgjande dispensasjon.

Utøving av jakt er direkte heimla i verneforskrifta (§ 3, pkt. 3.2, bokstav b) og kan utøvast etter gjeldande regelverk (viltlova/Nml, rovviltsforskrifta, forskrift om jakt felling og fangst), som regulerer lisensfelling på jerv. Bruk av bås er eit godkjent fangstreiskap under lisensfelling, og Statsforvalteren skal godkjenne båsen for eitt år av gongen, på bakgrunn av teknisk rapport frå SNO. Det er også tilsynskrav, og båsen blir utstyrt med elektronisk varsling/overvaking.



Båsen skal plasserast ca 50 meter nordaust for seterkvea i furuskogen, som vist på flyfoto over. Plasseringa verkar grei i høve til avstand frå seterveg og seterområde, men det vil vera ein fordel om slike installasjonar primært blir plassert utafor vernegrensa, for å unngå motorferdsel i verneområdet på den rolege tida av året.

Båsen er tung og sjøkjaren har såleis eit akseptert behov for motorisert transport for utplassering av jervbåsen i terrenget. Bruk av motorisert køyretøy som traktor for utkøyring og snøscooter for tilsyn/utlegging av åte, er det hensiktsmessig driftsmetoder i denne samanheng, jf. nml § 12 – «Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder». Køyretrase på Lordalsvegen til Rusten seter er kurant, da det er opparbeida veg. Når det gjeld dei utkøyring av båsen på barmark med traktor, ca. 50 meter frå seterkvea, så er det ei føresetnad at

transporten med traktor blir gjennomført på frosen mark, på tørr grunn utan at det blir terrengskade og sett nye varige spor i området.

Det er og allment kjent at motorferdsel kan ha negativ verknad på dyreliv. Det er god kunnskap om arealbruken til villreinen i området. Rusten seter ligg i skogen utanfor det som i kartet er registrert som viktig oppvekst- og kalvingsområde for villreinstammen.

Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikke nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «*føre-var-prinsippet*».

Motorferdsel bør derfor avgrensast til eit minimum, i tråd med det generelle forbodet mot motorferdsel sett i verneforskrifta § 3 pkt. 5.1., og ved å følgje retningslinene for motorferdsel i forvaltningsplanen, som legg vekt på å unngå køyring som kan uroe dyreliv unødig, vil ikkje transporten gje varig skade som trugar verneformålet. Det må også takast omsyn til dei som ønskjer å oppleve naturen med minst mogleg støy. Transportør må av omsyn til verneverdiane, og ta kontakt med SNO i forkant av transporten.

Enkelttiltaket det er søkt om har eit avgrensa omfang, og samla omfang av tilsvarande transportar vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning».

Jakt på rovdyr er heller ikkje regulert etter verneforskrifta, og reglar for motorferdsel i samband med inn- og utkøyring av jervbås har heller ikkje vore tema ved utarbeiding av verneforskrift og forvaltningsplan. Tiltaket er forbigåande og strider ikkje mot verneformålet og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Begge vilkåra er oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 48.